

# LICHEN SCLEROSUS

## KVA ER LICHEN SCLEROSUS?

Lichen sclerosus er ein hudsjukdom som oftast gjev plager i genitalområdet både hjå kvinner og menn.

## KVA ER ÅRSAKA TIL SJUKDOMEN?

Årsaka er ukjend. Ved lichen sclerosus er det ein kronisk betennelsesreaksjon i huda, men kva som utløyser denne betennelsen er ikkje kjent. Mykje tyder på at lichen sclerosus høyrer inn under gruppa autoimmune sjukdomar.

## KVEN KAN FÅ LICHEN SCLEROSUS?

Sjukdomen kan oppstå både hos born og vaksne, kvinner og menn.

## ER SJUKDOMEN VANLEG?

Dette er litt vanskeleg å svare på fordi mange går ikkje til lege med plagene sine. Ein trur at 0,1-0,3 % av befolkninga kan vere råka. Sjukdomen er vanlegare hos kvinner enn menn og oppstår relativt sjeldan hos born.

## ER LICHEN SCLEROSUS ARVELEG?

Det er rapportert at det kan oppstå fleire tilfelle i same familie.

## KVA PLAGER ER VANLEGE VED LICHEN SCLEROSUS?

I starten merkar dei fleste litt kløe og svie, etter kvart kan det oppstå meir irritasjon og sår. Typisk for lichen sclerosus er at huda i området som er råka etter kvart får ein kvitleg farge, blir tynn og stiv. Hos menn kan forhuda bli trong. Huda i genitalområdet kan vekse saman og anatomien genitalt kan bli endra. Smarter ved samleie kan vere eit problem.

## KORLEIS BLIR DIAGNOSEN STILT?

Ein lækjar som har sett tilstanden før, vil vanlegvis kjenne han att utan å måtta ta nokon prøvar. Dersom diagnosen er usikker, blir det ofte teke ein vevsprøve som kan vere til god hjelp for å stille diagnosen. I tidleg fase av sjukdomen kan det vere vanskeleg å stille diagnosen, sjølv om ein tek vevsprøve.

## ER LICHEN SCLEROSUS SMITTSAM?

Nei, sjukdomen er ikkje smittsam.

## ER DET FARLEG Å HA SAMLEIE?

Nei, det er ikkje farleg, men det kan vere smertefullt.

## KAN EG BLI FRISK?

Det er varierande kor mykje plager den einskilde har av sjukdomen. Truleg blir ein aldri heilt kvitt sjukdomstendensen, men med god behandling klarer dei fleste å halde han i sjakk, og mange kan bli nærmest symptomfrie. Mange klarer seg i lange periodar utan behandling. Born kan bli heilt friske i tenåra.

## KVA BEHANDLING FINST?

Den mest effektive behandlinga er sterke kortisonkremar brukt over lang tid. Kortison tynnar ikkje ut huda i område som er råka av lichen sclerosus. Ved langvarig, systematisk behandling med sterke kortisonpreparat, kan ein skilde oppnå å bli kvitt plagene. Dei fleste må bruke vedlikehaldsbehandling for ikkje å få tilbakefall. Også andre salvar og kremar har vist effekt og kan nyttast dersom kortisonpreparat ikkje kan brukast. Hos menn blir av og til heil eller delvis omskjerding naudsynt.

## ER LICHEN SCLEROSUS FARLEG?

Det er observert ein lett auka risiko for hudkreft i eit område med lichen sclerosus. Systematisk og langvarig behandling verkar truleg førebyggjande for utvikling av kreft. Det er likevel viktig at både du og fastlegen din er merksame på den lett auka kreftfaren. Du bør gå til kontroll minst ein gong i året. Dersom det oppstår sår som ikkje vil gro, bør det takast ein vevsprøve.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

**Avdeling: Hudavdelinga**

**Telefon: 55 973950**

**[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)**